

**Skigruppa inviterer til sesongavslutning i Fjellhaugen søndag.**

Vi møtest ved parkeringsplassen i Fjellhaugen søndag kl 12, og går opp til terrenget rundt inste delen av løypa. Her vil vi byggje hopp og ulike løyper, og vi vil leike og grafse og herje i snøen. Vi lagar til eit bål, slik at det er råd å grille seg ei pølse.

Ein kan sjølv veile kva utstyr ein vil ta med: ski, akebrett, slalom, spade, snorkel eller hekletøy. Vi har tinga rikelege mengder med sol, så det vert viktig med solkrem og -briller.

Dersom det er andre enn dei aktive i skigruppa som ynskjer å delta, er dei hjarteleg velkomne.

Trenarane i skigruppa